

**Arrangøren har no sluppe ut opplysningar om
artistar som kjem til Festidalen første helga i august
og dei 3 første er John Olav. Nilsen
& Gjengen, Mikhael Paskalev og Andre Holstad.
Det kjem fleire, for målet er å ha 4 band på scena på Dønhaug
både fredag 3. august og laurdag
4. august. Fleire band blir offentleggjort om kort tid.**

* Sjumannsbandet John Olav Nilsen & Gjengen er frå Loddefjord i Bergen og spelar ein blanding av fleire stilartar som pop, rock, soul og punk. Dei har fått ei rekkje prisar på kort tid og er betrakta som eit av dei friskaste liveband i landet for tida. Sjølv Kallar dei det dei spelar for gatepop og tekstane til Nilsen er alle på norsk.

Den noverande stamme i bandet har spela saman sidan i januar 2007 med unnatak av to . I 2010 fekk bandet gullplate for over 15 000 selde av debutplata. Samme år vart dei tildelt Spellemannsprisen for klassen rock i 2009. For eitt år sidan kom dei med album nummer 2 og fekk svært gode kritikkar samtidig som dei toppa fleire listar. Det første albumet kom kom i 2009 , heitte For sant til å være godt og vart kåra til årets' norske album av fleire avise r. Låta Hundehår var den mest spelte i fjor i P1

* Paskalev var årets populære Urørtvinnar. Han spelar pop med røter i indie og alternativ country rock. 23-åringen kjem frå Ålesund og framføringa av låtane hans varierar frå ein sjelfull røyst akkompagnert av akustisk gitar til sigøynervals med blåserekke. Bandet er fylt av karisma og ideear, meiner krtikarane. Paskalev jobbar no med det første albumet sitt, som kjem til våren.

* Andre Holstad er ein relativt ny artist, men VG samanliknar han med Madrugada, Ricochets og My Midnight Creeps. Han slo igjennom i 2007 og har nyleg gjeve ut sitt debutalbum Counting Backwards som fekk terningkast 5 i VG.

Festidalen har elles laga ei ny webside www.festidalen.no som vil bli oppdatert jamleg med nyhende og informera om bilettsalet som startar snart.

Av Ola Matti Mathisen